



VOSS KOMMUNE

Rådmannen

Det Kongelege Kommunal og Regionaldepartement
Postboks 8112 DEp

0032 OSLO

Vår ref	Etal/ avd.	Saksbeh	Ark.	Dykkar ref.	Dato
06/1070 - 17010/06	RÅ	BMG	010		11.09.2006

ENDRING I VALLOVA - HØYRING

Vi viser til rundskriv ref, 06/1592-2 SDA av 20. juni d.å.

Merknader frå administrasjonen i Voss kommune:

1. **Valkort:**

Voss kommune har ikkje sendt ut valkort til veljarane dei siste åra, og har ikkje fått særlege tilbakemeldingar på dette. Det har vore greitt å skriva ut valkort i samband med mottak av førehandsrøyster. Vi har likevel forståing for at valkortet kan vera ei god påminning for veljarane om valet, og ikkje minst god informasjon om vallokale mv. Særleg ovanfor førstegongsveljarar i større kommunar. Vi rår likevel til at dette bør vera opp til det einstilte valstyre som før.

2. **Førehandsrøysteperioden:**

Røysteperioden er no betydeleg avkorta, jfr. at vi for ein del år sidan starta 1. juli. Dei fleste førehandsrøystene får vi som regel siste veka før valet. Med god annonsering skulle det likevel ikkje by på særlege problem at ein stansar mottak siste torsdag før valet.

3. **Frist for å søkja ambulerande røysting:**

For vidstrakte kommunar er det ei føremun at fristen vert sett tidlegare i siste veka før valet, men vi reknar med at det vert høve til det.

4. **Frist for førehandsrøyster inn til valstyre:**

Voss kommune ser det som ønskjeleg at denne fristen vert sett til **kl. 20. på valdagen måndag**. Dersom førehandsrøystinga skal avsluttast torsdag føre valdagen kan det ikkje vera noko problem å få førehandsrøystene fram til valdagen. Valstyra må i staden oppfordrast til å senda røyster til andre kommunar av garde fortløpande, og som A-post. Det er ei føremun å få avslutta oppteljing og møtebok så snart som råd er, med dette framlegget kan ikkje møtebok og valresultat avsluttast før onsdag etter valet.

5. **Veljar skal legitimera seg:**

Valstyret i Voss har som fast regel at alle som førehandsrøyster skal legitimera seg. Dei ymse røystestyra vert og oppmoda om å be veljarane legitimera seg så sant dei er usikre på identiteten. Ute i bygdene er det gjerne slik at alle kjenner alle, men vi har ikkje merknader til at denne regelen vert lovfesta.

6. **Førebels oppteljing skal vera manuell**

Voss er av dei kommunane som har satsa på edb-teknisk system ved oppteljing, første gong ved Stortingsvalet i 2005. Før valdagen vart systemet testa ut ved fleire "prøveval". Dette m.a. for å finna ut korleis feil kunne oppstå. Vi tykkjer det er svært uheldig at det skal koma krav om manuell teljing no når vi står framom eit krevjande val. Det skal vera både kommune- og fylkestingsval, val som det er mykje meir rettingar på listene enn ved stortingsval.

Før det kjem lovpålegg om manuell teljing, bør kommunane få høve til å testa ut om det er grunnlag for at edb-teknisk teljesystem kan vera unøyaktig, t.d. ved at deler av valresultatet også vert telt manuelt, t.d. førehandsrøystene.

Det er ikkje meir enn ca 20 år sidan vi tok i bruk edb-teknikk ved val i det heile, det viste seg at dette var like sikkert, om ikkje sikrare enn manuelt oppgjer.

Det er eit press på teljemannskapet om å bli tidleg ferdig med førebels valresultat, politikarane og ikkje minst media ventar på resultatet. Trøyte valmannskap er **ikkje** sikrare enn ein scannar.

At kommunane må ha 2 forskjellige edb-tekniske system dersom vi skal nytta edb-teknisk løysing vil bli svært kostbart og er ikkje akseptabelt.


7. **Manuell kontrollteljing**

All teljing, sjølv om den skjer ved scanning, skjer bunkevis. Det vil difor koma fram kvar avviket er. Det skal ikkje vera vanskeleg å føreta slik kontrollteljing manuelt, sjølv om vi ikkje kan forstå at dette skal vera nødvendig. Jfr at vi har erfaring med teljing ved scanning.

8. **Førebels oppteljing av førehandsrøyster**

Ikkje merknader.

Med helsing


Einar Hauge
rådmann

Kopi til: Valstyret